

Pressemelding

G-Kultur med 100.000 kr til Tor Jonsson-året 2016

Den første store tildeling fra Stiftinga G-kultur går til å støtte eit prosjekt kring Tor Jonsson-året 2016. Det er da 100 år sidan Tor Jonsson vart født. Satsinga får 100.000 kroner. I tillegg får fire andre prosjekt, spreidd over heile dalen, stønad.

- Styret i G-kultur har sagt at vi kvart år skal gje eit større tilskott til ei spesiell satsing. Planane for Tor Jonsson-året 2016 passar svært godt inn i føremålet for kva G-kultur har vedteke å støtte. Det er mykje interessant som skjer rundt Tor Jonsson neste år. Dette er ei viktig satsing, seier styreleiar Knut Hovslien i G-Kultur, som legg til at Tor Jonsson-laget har sendt ein grundig søknad.
- Vi vil bruke dette jubileumsåret til å aktualisere forfattaren og det han stod for. Prosjektet skal formidle litteraturen supplert med teater og musikk, seier Håvard Teigen i Tor Jonsson-laget.

Stiftinga G-Kultur mottok 21 søknader til den første utlysingsfristen 1. september. På styremøtet i G-Kultur 15. september vart det gjeve stønad til fem prosjekt med samla stønadssum på 145.000 kr.

Desse prosjekta fekk stønad:

Vågå spel- og dansarlag v/Kjærsti Gangsø, 5.000 kr til kursverksemd for spelmannslaget for juniorar.

Furusjøen rundt AS v/Ole-Petter Brendstuen, 10.000 kr til bokprosjekt i samband med 50-årsjubileum for Furusjøen Rundt i 2016.

Tor Jonsson-laget v/Håvard Teigen, 100.000 kr til Tor Jonsson-året 2016.

Fåberg Musikkforening v/Hanne Maren Kristensen og Lillian Løvseth, 5.000 kr til konsert for 100-årsmarkering av Frank Sinatra.

Foreningen Nye Hjerleids venner v/Martin Killi og Helle Hundevadt, 25.000 kr til fagbibliotek og arkiv for tradisjonshandverk.

Neste søknadsfrist i G-Kultur er 1. februar 2016.

Kontakt for meir informasjon:

Knut Hovslien, styreleiar knut.hovslien@online.no; 9719 5148

Kjell Austin, sekretær kaustin@online.no; 4150 9460

Stiftinga G-Kultur forvaltar midlane etter Gudbrandsdalslaget i Oslo, som vart nedlagt i 2013, og har som føremål å gje økonomisk stønad til kulturaktivitetar og kulturverksemd med tilknytning til Gudbrandsdalen. Stønad blir gjeve både til amatørar og profesjonelle innan skapande og utøvande verksemd. Det vil bli teke ekstra omsyn til prosjekt og tiltak som har barn og unge som utøvarar og/eller målgruppe.